


PLANPROGRAM

Kommunedelplan med restriksjonssone for Knarrvika



Dette planprogrammet skildrar planområdet, bakgrunn og føremål med planarbeidet, utgreiingsbehov og planprosessen for kommunedelplan med restriksjonssone for Knarrvika Industripark. Planarbeidet skal sikra at det ikkje vert sett i gang ny nærings- og hamneverksemd i området som kan bidra til auka risiko for samfunnskritiske funksjonar og infrastruktur i området ved Sotrasambandet

Innhold

1. Bakgrunn og føremål	3
1.1. Føremål med planarbeidet.....	3
1.2. ROS-analyse for Knarrvika Industripark	4
1.3. KommuneROS for Sund, Fjell og Øygarden.....	6
1.4. ROS-analyse for Sotrasambandet.....	7
2. Planområdet.....	8
2.1. Avgrensing.....	8
2.2. Dagens arealbruk.....	8
2.3. Gjeldande planar	9
2.3.1. Arealdelen til kommuneplanen 2015-2026.....	9
2.3.2. Rv.555 Sotrasambandet, Parsell Kolltveit – Bergen grense	9
2.3.3. ID 20030002 31-1 RP Knarrevik, del 40,41 (Erstatta ID 19900003 31 RP Knarrevik 40,41) 10	
3. Innhold i planen.....	12
3.1. Føremål og tiltak.....	12
3.2. Plandokument	12
4. Konsekvensutgreiing	13
4.1. Avgrensing	13
4.2. Metode.....	13
4.3. Gjennomføring	13
4.4. Samanstilling og tilråding	14
5. Planprosess.....	15
5.1. Organisering	15
5.2. Medverknad og informasjon	15
5.3. Framdrift.....	16
Kjelder	17

1. BAKGRUNN OG FØREMÅL

1.1. Føremål med planarbeidet

Knarrvika Industripark er lokalisert ved Byfjorden på austsida av Litlesotra. I nordre del av området ligg Sotrabrua, som er sambandet til fastlandet og Bergen. Sør for området kjem det nye Sotrasambandet.

Knarrvika har ein historie som industristad som strekker seg tilbake til tidleg på 1900-talet, og som mellom anna førte til at Knarrvika var den første urbane busettinga på Sotra. Då Sotrabrua opna i 1972 utvikla industriområdet seg til ein «industripark» med steinbrot, mekanisk verkstad og gjenvinningsanlegg. Dagens industripark er avsett til næringsføremål i gjeldande arealplanar, og har fleire grunneigarar og verksemdar. Fleire av verksemdene lagrar og sorterer avfall.

I oppfølging av Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for Knarrvika Industripark som vart ferdig i november 2018 har Øygarden kommune, i samråd med Fylkesmannen i Vestland og Statens Vegvesen, kome til at det bør etablerast ei restriksjonssone i samband med industriparken.

Føremålet med ei slik sone vil vere å sikre at det ikkje vert sett i gang ny nærings- og hamneverksemd i området som kan bidra til auka risiko for samfunnskritiske funksjonar og infrastruktur i området ut over det som allereie er identifisert i ROS-analysen. Samfunnskritiske funksjonar og infrastruktur i området omfattar både dagens Sotrabru og det nye Sotrasambandet med vassforsyning, straumforsyning og trafikk. Kablane for straumforsyning følgjer Sotrabrua, medan framtid vassforsyning skal følgje brua i det nye Sotrasambandet.

Jf. plan- og bygningslova §11-5 kan kommunen etter vurdering av eige behov detaljere kommuneplanens arealdel for heile eller delar av kommunens område med nærmare angitt underformål for arealbruk, omsynssoner og føresegner, jf. §§ 11-7 til 11-11, inkludert rammer og vilkår for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk, samt viktige omsyn som må takast vare på ved disponeringa av areala.

Kommunedelplan (KDP) er vurdert som det mest føremålstenlege plannivået for ei restriksjonssone. Eit viktig utgangspunkt for utarbeiding av kommunedelplanen er at arealformålet for området, som er næring og hamn, ikkje skal endrast.



Figur 1 Oversiktskart med lokalisering av Knarrvika Industripark. Kjelde: Asplan Viak Internet

1.2. ROS-analyse for Knarrvika Industripark¹

ROS-analyse for Knarrvika Industripark vart ferdig i november 2018. Bakgrunnen for utarbeiding av ROS-analysen var søknad frå ein av aktørane i området, YIT, om å få grave ned gasstank i området. I sin uttale til søknaden sa Statens vegvesen, SVV; «da det ikke foreligger noe helhetlig risikoanalyse av næringsparken ønsker vi ikke å vurdere gasstanken adskilt».

¹ ROS-analyse for Knarrvika i Fjell kommune. Rapportnr. 57668001/10204283, rev.02. Sweco, 2018.


Fylkesmannen i Vestland påpeika behovet for ein samla ROS-analyse også uavhengig av ein eventuell gasstank.

ROS-analysen identifiserte i alt 71 moglege uønskte hendingar i området. To av desse omhandla brann i næringsbygg og er klassifisert i «raud» kategori som uakseptabel risiko pga. potensiell storbrann. To hendingar omhandlar eskalering av brann som bl.a. kan føre til skade på kritisk infrastruktur, dvs. kraftforsyning og brusamband.

11 hendingar er knytt til utslepp til sjø og klassifisert som «gule», medan 11 hendingar er i kategorien «grøn/gul».

For desse skal tiltak vurderast. ROS-analysen konkluderer med at risikoen er akseptabel med tanke på liv og helse, ytre miljø og materielle verdiar under følgjande føresetnader:

- tiltak relatert til sløkkemiddel vert utført og tiltak knytt til «gule» hendingar vert vurdert
- det bør ikkje tillatast aktivitet som førar til auka risiko knytt til «gule» og «raude» hendingar, utan risikoreducerande tiltak og ny vurdering



Figur 2 Geografisk avgrænsning av ROS-analyse for Knarrvika Industripark. Sweco 2018.

1.3. KommuneROS for Sund, Fjell og Øygarden²

Risikobiletet for samfunnskritiske funksjonar og infrastruktur er handsama i KommuneROS for Sund, Fjell og Øygarden godkjent av kommunestyra hausten 2019. Analysen er den første overordna heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen for dei tre kommunane som frå 01.01.2020 er Øygarden kommune.

I kategorien **kritisk infrastruktur** er følgjande hendingar vurdert:

- H-17 Svikt i IKT og EKOM tenester
- H-18 Svikt i straumforsyning meir enn fire timar
- H-19 Langvarig bortfall av kommunal vassforsyning
- H-20 Svikt i avlaupshandsaming
- H-21 Svikt i informasjonstryggleik
- H-22 Bortfall av hovudtransportåre – eit døgn eller meir

Hendinga H-18 **svikt i straumforsyning meir enn 4 timar** utmerkar seg ved at risiko knytt til konsekvenskategori økonomi vert vurdert som høg. Risiko knytt til liv og helse, tenesteproduksjon og tillit & omdømme vert vurdert som moderat for denne hendinga, medan risiko knytt til miljø vert vurdert som låg:

«Skildring: Elektrisitet er den einaste energibæraren som ikkje kan lagrast. Det aukar sårbarheita for brot i straumforsyninga. Levering av elektrisk kraft er i følgje BKK påliteleg. BKK som netteigar i vårt distrikt har ein gjennomsnittleg leveringsgrad på 99,9%, eller i snitt 90 minutt straumstans pr. kunde pr. år. Det er ein klar samanheng mellom H-18 borfall av straum og andre hendingar som er omfatta av denne analysen. Det gjeld for vind, ekstremvêr og svikt i kritisk infrastruktur. Andre følgjehendingar: Ekstremvêr på sør- og austlandet i september-18 førte til lengre straumstans fleire stadar i landsdelen, som igjen førte til bortfall av både telefon og naudnett.»

Moglege årsaker: Straumstans kan skje som følgje av ising på master, sterk vind, lynnedslag, rotvelte, gravearbeid, skade på kablar, teknisk svikt, tekniske feil, solstorm, ekstremvêr, lyn, brann mv.»

I hendinga H-19 **langvarig bortfall av vassforsyning** er risiko knytt til konsekvenskategoriane tenesteproduksjon og tillit & omdømme vurdert som høg, risiko knytt til liv & helse og økonomi vurdert som moderat og risiko knytt til miljø vurdert som låg:

«Skildring: Det er kommunale selskap (FjellVAR og Sund VA) som leverer vatn til innbyggjarane i våre kommunar. Drikkevannet som kommunen leverer, skal vere hygienisk forsvarleg, klart og utan dominerande lukt, smak eller farge. Det skal ikkje innehalde stoff som kan føre til helseskade i vanleg bruk. Denne hendinga oppstår når kommunen mister evna til å gje godt og tilstrekkeleg drikkevann til innbyggjarane i over 12 timar. Kørelen som er drikkevasskjelde for heile Sund kommune, er identifisert til å vere sårbar ved H-03 stormflo og havstiging (jf. pkt. 6.2.3). Dersom vår region kjem i ein situasjon der Kørelen som vasskjelde eller reinseanlegget ikkje kan nyttast, vil det bli uråd å levere vatn av godkjent kvalitet til innbyggjarar i Sund kommune.»

Moglege årsaker: Svikt i kommunal vassforsyning kan oppstå som følgje av brot i leidning, straumstans, havari i reinseanlegg, forureining, teknisk svikt og langvarig tørke.»

² KommuneROS for Sund, Fjell og Øygarden, 2019.

I hendinga H-22 **bortfall av hovudtransportåre** i eitt døgn eller meir er risiko knytt til konsekvenskategoriane liv & helse, økonomi, tenesteproduksjon, tillit & omdømme vurdert som moderat, og risiko knytt til miljø vurdert som låg:

«Skildring: Sotrabrua er Sund, Fjell og Øygarden sitt einaste fastlandssamband. I februar 2017 passerte gjennomsnittleg årssdøgn trafikk 30 000, og på enkelte dagar er det opp mot 40 000 passeringar på brua pr. dag. Andre utsette område er hovudvegen til Øygarden, som har nokre utsette bruer, men kommunen har skjeldan opplevd lengre stenging av veg. Øygarden har ingen alternativ tilkomst enn FV 561, bortsett frå eit båtsamband mellom Hellesøy og Hernar. Til Sund er hovud- innfartsåre FV 555 frå sørlege delar av Fjell. Det er ferjesamband frå Hjellestad i Bergen til Klokkarvik i Sund. Innbyggjarar i Fjell og Øygarden kan også nytte denne ferja, men denne har avgrensa kapasitet, lengre stenging av Sotrabrua vil sette heile regionen på stor prøve. Denne hendinga H-22 har stor samanheng med H-01 vind definert som ekstremvær.

Moglege årsaker: Sterk vind over 25 m/s, røykutvikling som følgje av ulukke på Knarrvika industriområde, skadar på Sotrabrua eller andre bruer i regionen og utmarksbrann.»

Analysen sin overordna tilnærming og metode gjer at det ikkje automatisk er farleg å gjennomføre dei aktivitetane som hendinga omhandlar sjølv om hendingane er «raude» i analysen. «Raud» kategori betyr at den nye kommunen må vurdere å sette i verk systematiske tiltak for å forsøke å redusere risikoen som er forbundet med desse hendingane. Det same gjeld for «grøne» hendingar. Fargekodinga «grøn» betyr ikkje automatisk at ei slik hending er ufarleg, men at kombinasjonen av konsekvens og sannsyn fører til at desse hendingane bør prioriterast lågare i samfunnstryggleiksarbeidet.

1.4. ROS-analyse for Sotrasambandet³

I samband med planarbeidet for Sotrasambandet er det utarbeida ein ROS-analyse etter Plan- og bygningslova av anleggsgjennomføringa og normal drift (ferdig rv. 555). Analysen konkluderer med at det ikkje er identifisert uakseptabel risiko for sjølve vegsystemet i ein normal driftsfase, og at vegtiltaket vil bidra til ein tydeleg reduksjon i risiko for omgivnadene, miljøet og samfunnsviktige funksjonar.

Analysen omfattar ein eigen ROS-analyse for utviding av næringsområdet ved Knarrvika, felt BKB4 (Mustadvatnet), med formål kontor/industri (rapport FR23 «RV.555 Kolltveit – Storavatnet», ROS-analyse utbyggingsområder i Fjell kommune, 12.06.2015). Analysen konkluderer med at det bør rettast særleg merksemd mot geoteknisk ustabilitet og støy. Verknader for kritisk infrastruktur er ikkje omtalt i denne analysen.

³ Rapport FR11 «RV.555 Kolltveit – Storavatnet», ROS-analyse, 13.03.2015. Staten vegvesen/Øygarden kommune


2. PLANOMRÅDET

2.1. Avgrensing

Planområdet er avgrensa til område avsett til næring og hamn i kommuneplanens arealdel og gjeldande reguleringsplanar.

Kommunen vurderer det slik at aktivitetar i tilgrensande område avsett til LNF, samferdsel eller bustadføremål ikkje utgjer nokon risiko. Nye tiltak utanfor planområdet vil uansett måtte vurderast opp mot risikobiletet trekt opp i kapittel 1.

Det er gjort ei vurdering av om Storavatnet skal inkluderast i planområdet eller ikkje. Dette fordi dammen har representert ei risiko for Rv 555 ved eit eventuelt dambrot. NVE har fått gjennomført utgreiing av risiko, eigarskap og sikringsansvar. Det har vore utfordrande å avklare eigarskap og ansvarstilhøve, og NVE avgjorde i 2017 at magasinet som eit minimum skulle tappast ned 2,7 meter. Dammen utgjer derfor ikkje ei risiko for Rv. 555 i dag, og magasinet vil ikkje kunne aukast før det er gjennomført damsikring. På denne bakgrunnen er heller ikkje Storavatnet inkludert i planområdet.



Figur 3 Forslag til plangrense.

2.2. Dagens arealbruk

Planområdet er avsett til næringsføremål og hamn i gjeldande arealplanar, og har fleire grunneigarar og verksemdar. Det er i tillegg stor kai i området som er godkjent for ISPS-bruk og har stor trafikk. Bygningsmassen omfattar både kontorbygg og næringsbygg. Fleire av verksemdene lagrar og sorterar avfall, og aktivitetane i området inkluderer mellomlagring av forureina masser og asfaltproduksjon.


Her er verksemdar med godkjenning til å handsama farleg avfall og fleire av verksemdene har også større mengder med diesel, fyringsolje og bensin lagra på meir permanent basis til eige forbruk. Aktivitetane er regulert av ulike lovar og reglar som for det meste ligg under fylkesmannen sitt konsesjonsområde.

I nord og vest grensar planområdet mot eksisterande vegsystem med omkringliggende grønstruktur, eksisterande bustadområde i Knarrevika og vegen til Hjelteryggen. I sør er planområdet avgrensa mot det nye Sotrasambandet (bru og veganlegg) som vil bli etablert i dagens høgspenntrase (høgspenkabelen skal leggjast inn i gamle Sotrabraua og i tunnel vidare). I aust grensar planområdet mot fjorden men omfattar hamneområde og kai.

2.3. Gjeldande planar

2.3.1. Arealdelen til kommuneplanen 2015-2026

I gjeldande arealplan (KPA) vedtatt i 2015 ligg planområdet med hovudformål næring. Store delar av området er omfatta av omsynssone kulturmiljø knytt til industrietableringa tidleg på 1900-talet. Føresegnene seier at innafor omsynssone kulturmiljø H 570_2 Knarrevika skal tiltak utformast og lokalisrast slik at dei sikrar kulturmiljøet knytt til Øygarden si tidlege industrihistorie. Mustadvatnet er avsett til område for bruk og vern av sjø og vassdrag. Det er avsett område for hamn utanfor ISPS-kaien. Sotrasambandet er vist som område bandlagt for regulering.



Figur 4 Utsnitt frå KPA 2015-2026.


2.3.2. Rv.555 Sotrasambandet, Parsell Kolltveit – Bergen grense

Områdeplan for Sotrasambandet med plan-ID 1246_20130001 vart vedtatt i 2016. Planen regulerer gjenfylling av Mustadvatnet til føremålet kontor/industri for oppføring av næringsbygg for industri, lager og kontor/administrasjon (felt BKB4).


Områda mellom ny veg og næringsområdet er regulert til kombinert formål industri/kontor og samferdsel. Det er i tillegg avsett areal for midlertidig rigg- og anleggsområde der gjeldande plan 31-1 Knarrevik del 40, 41 med plan-ID 20030002 skal fortsette å gjelde etter anleggsperioden, samt midlertidig fareområde for anleggsarbeid omkring brutårna der det vil vere forbode med ferdsel i anleggsperioden. Det er utarbeida eiga ROS-analyse for Sotrasambandet, sjå kap. 1.4.

2.3.3. ID 20030002 31-1 RP Knarrevik, del 40,41 (Erstatta ID 19900003 31 RP Knarrevik 40,41)

Reguleringsplanen erstatta delvis eldre plan for næring og regulerer område som ligg heilt i sør mot Sotrasambandet. Planen er frå 1989 då det ikkje var krav om ROS-analyse.



Figur 5 Utsnittet syner gjeldande regulering i området, Områdeplan for Rv. 555 Sotrasambandet, Parsell Kolltveit - Bergen grense, samt næringsområde i del av gjeldande plan for Knarrevik del 40,41 som framleis skal gjelde.



Figur 6 Utsnitt som viser forslag til plangrense på bakgrunn av gjeldende regulering og kommuneplanstatus.

3. INNHALD I PLANEN

3.1. Føremål og tiltak

Eit viktig utgangspunkt for utarbeiding av kommunedelplanen er at arealformåla for området, næring og hamn, slik desse ligg i gjeldande arealdel til kommuneplan og reguleringsplanar, ikkje skal endrast. Eksisterande kulturminneverdiar og omsynssoner vil verte vidareført i kommunedelplanen.

Kommunedelplanen skal stadfeste eksisterande arealføremål, og etablere ei restriksjonssone med heimel i plan- og bygningslova § 11-8 a, *Sikrings- støy- og faresoner med angivelse av fareårsak eller miljørisiko*. Sona skal sikre at det ikkje vert sett i gang ny nærings- og hamneverksemd i området som kan bidra til auka risiko for samfunnskritiske funksjonar og infrastruktur i området.

Avgrensinga av restriksjonssona og formulering av innhaldet i restriksjonane skal gjerast i samarbeid med mellom Vestland fylkeskommune (kulturminnemynde), fylkesmannen i Vestland, Statens Vegvesen og BKK/Statnett (kabeleigar).

Det skal ikkje settast av nye byggeområde eller føremål i planen. Omsynet til kulturminna skal vidareførast.

3.2. Plandokument

Det vert lagt til grunn for planarbeidet at ROS-analysane skildra i kapittel 1 er utfyllande og at det ikkje skal gjerast tilleggsutgreiingar knytt til samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit.

Vidare vert det lagt til grunn for planen at gjeldande arealføremål og eksisterande forhold i planområdet er tilstrekkeleg utgreidd til at desse ikkje skal konsekvensutgreiast på ny, og kan omtalast kort og overordna i planomtalen. Gjeldande omsynssone for kulturminne skal omtalast særleg.

Kommunedelplanen skal på denne bakgrunnen omfatte følgjande plandokument:

- Plankart
- Føresegner
- Planomtale med konsekvensutgreiing av samfunnsmessige verknader

4. KONSEKVENSGREIING

4.1. Avgrensing

Konsekvensutgreiinga skal vere avgrensa tematisk og omfatte verknader for samfunnets næringsinteresser.

Kommunedelplan med restriksjonssone vil innebere at næringsverksemd i industriområdet ikkje vil kunne utvide areal eller aktivitetar fritt. Det vil og kunne påverke kva nye verksemdar som vil kunne etablere seg i industriparken. Dette vil kunne gje konsekvensar for verksemdar sitt val av lokalisering, og dermed lokal sysselsetting og næringsstruktur.

Alternativa som skal utgreiast er:

- Null-alternativ: Næringsareal i Knarrvika Industripark utan restriksjonssone
- Utgreiingsalternativ: Næringsareal i Knarrvika Industripark med restriksjonssone

Arealføremålet er i samsvar med overordna og gjeldande planar. Det er ikkje vurdert som relevant og realistisk å greie ut andre alternativ eller alternativ lokalisering av næringsareala, jf. krav til planprogrammet i Forskrift om konsekvensutredning §14.

4.2. Metode

Det skal utgreiast samfunnsmessige verknader av ei restriksjonssone rundt industriområdet.

I dette tilfellet vil dei samfunnsmessige verknadene i stor grad vere verknader for lokalt og regionalt næringsliv og sysselsetting. Nærings- og fiskeridepartementet har utarbeida ein rettleiar for utgreiing av konsekvensar for næringslivet. Den er særleg eigna for utgreiing av konsekvensar av tiltak knytt til regelverk, offentlege reformer og tiltak. Statens vegvesen sin handbok V712 er i større grad tilpassa endringar i arealbruk, og er difor vurdert som meir relevant her. Vi føreslår at handbok V712, kapittel 9, er grunnlaget for metodisk tilnærming i denne utgreiinga.

4.3. Gjennomføring

I arbeidet skal dagens situasjon, forventet utvikling i null-alternativet, samt forventet utvikling i utgreiingsalternativet vurderast. Verknader av tiltaket blir då endring frå null-alternativet til utgreiingsalternativet. Utgreiinga vil baserast på kjent kunnskap om området, næringsverksemd, ringverknader (leveransestruktur) og eventuelt ytterlegare informasjon innhenta frå relevante verksemdar.

I utgreiinga skal det vurderast konsekvensar for næringsliv og sysselsetting i kommunen, samt eventuelle verknader for pendling og busetting lokalt. Direkte verknader vil avhenge av kva ei restriksjonssone vil ha å seie for moglegheter for vidare drift (med nye aktivitetar), utviding av drift og eventuelt etablering av nye verksemdar. Indirekte verknader vil avhenge av verdikjeda og leveransestruktur i dei aktuelle næringane – er det anna næringsverksemd i kommunen som leverer til- eller på anna måte inngår i verdikjeda til verksemdene som i dag er lokalisert i industriområdet? Dersom det er venta verknader på samla sysselsetting lokalt vil det og kunne gje ringverknader gjennom lågare eller høgare konsum frå hushalda og offentleg sektor (konsumverknader).

For kommunen kan det og vere verknader for samla eigedomsskatt på næringsseigedom.

Det vil i stor grad vere kvalitative vurderingar av verknadene, då det vil vere vanskeleg å talfeste alle verknadene. Eit unnatak kan vere sysselsettingsverknader, der vi kan estimere ringverknader (direkte, indirekte og konsumverknader) av mogleg utvikling i industriområdet. Estimat på dette vil gjerast ved bruk av Pandamodellen, som er KMD, Innovasjon Norge og fylkeskommunane sitt verktøy for analyser av arbeidsmarknad, næring og busetting.

Den geografiske avgrensinga av analysane (influensområdet) vil vere Øygarden kommune (lokalt) og Askøy og Bergen kommunar (regionalt).

I vurdering av samfunnsmessige verknader vil det vere ein del uvisse, og forventta utvikling er truleg i større grad avhengig av utanforliggende faktorar enn tiltaket. Uvisse i resultatata vil derfor og verte drøfta.

4.4. Samanstilling og tilråding

Konsekvens	
Verknader for eksisterande næringsliv	Direkte verknader: sysselsetting i industriområdet Indirekte verknader: anna sysselsetting i kommunen
Verknader for kommuneøkonomi	Eigedomsskatt på næringseigedom (tidlegare næringseigedom og verk og bruk)
Moglegheitene for nyetablering av andre verksemdar	Verknader for eventuell nyetablering av verksemd(er)
Samla vurdering og tilråding	

5. PLANPROSESS

5.1. Organisering

Organisering av planarbeidet:

Roller	Eining	Ansvarsområde
Styringsgruppe for planarbeidet:	Kommunestyret	Endeleg vedtak av planprogram og kommunedelplan.
Politisk styringsgruppe:	Utval for plan	Vedtak om oppstart av planarbeid, utlegging til offentlig ettersyn og tilråding til endelege vedtak i kommunestyret. Gjennomgang av innspel og merknadar til planarbeidet og vurdering av desse.
Administrativ arbeidsgruppe:	Eininga Plan, oppmåling og geodata	Koordinera planprosessen.
Konsulent:	Asplan Viak AS	Utgreiingar og utarbeida plandokument i samarbeid med kommunen.
Samarbeidspartar	Fylkesmannen i Vestland og Statens vegvesen	Bidra med vurderingar ved avgrensinga av restriksjonssona.

5.2. Medverknad og informasjon

Varsel om oppstart av planarbeid vart kunngjort samtidig med at framlegg til planprogram vert lagt ut til offentlig ettersyn i samsvar med krav i plan og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiingar §§ 13-15. Høyringsfristen var 6 veker frå kunngjeringsdato.

I høyringsperioden var planprogrammet offentlig tilgjengeleg på nettsida til kommunen. I dette tidsrommet var det mogleg for alle å senda inn synspunkt og innspel til både planprogrammet og planarbeidet elles. Etter høyringsfristen er alle innkomne innspel og merknadar vurderte, og mindre endringar av tekst er innarbeidd i planprogrammet. Endeleg planprogram er behandla og fastsett av kommunestyret.

Planforslaget skal utarbeidast på grunnlag av vedteke planprogram, og skal opp til politisk behandling. Det er Utval for plan som her vedtek utlegging til offentlig ettersyn av planforslaget i inntil 6 veker. I høyringsperioden vil det vera mogleg for alle å komma med innspel og merknader til sjølve planforslaget.

I samband med konsekvensutgreiinga kan det verte aktuelt at relevante verksemdar vert kontakta for innhenting av informasjon. Gjennom tidlegare arbeid med ROS-analysen for Knarrvika har kommunen hatt god dialog med verksemdene i Knarrvika. Denne dialogen vil det vera behov for å følgja opp i planprosessen, særleg dersom konsekvensutgreiinga viser at grunneigarar og

næringsinteresser vert direkte påverka av restriksjonssona. Kommunen har ansvar for å oppretta ny dialog med grunneigarar og næringsinteresser.

Vestland fylkeskommune (kulturminnemynde), fylkesmannen i Vestland, Statens Vegvesen og BKK/Statnett (kabeleigar) skal vera viktige samarbeidspartar i utarbeidinga av plandokumenta.

5.3. Framdrift

Det vert teke sikte på å gjennomføre planarbeidet etter følgjande overordna framdriftsplan:

Tabell 1 Overordna tidsplan for planprosessen.

Tidsplan	Fasar
Mai – juni 2020	Varsling av oppstart planarbeid. Høyring 6 veker. Oppstart av konsekvensutgreiing – verknadar for samfunnet.
September - Oktober 2020	Merknadshandsaming, kommunen fastset planprogrammet. Ferdigstilling av konsekvensutgreiing – verknadar for samfunnet.
November 2020	Utkast til plankart og plandokument.
Desember 2020/Januar 2021	Ferdigstilling planforslag til første gangs handsaming og vedtak om offentleg høyring. Høyring 6 veker.
Februar/Mars 2020	Merknadshandsaming. Innarbeiding av ev innspel og ferdigstilling av plan for 2. gangs handsaming.
Mars 2020	Vedtak av kommunedelplan.

Kjelder

- Arealplanar i Øygarden kommune:
<https://kommunekart.com/klient/%C3%B8ygarden/publikum?urlid=b9f7f880-aa25-40db-9a2c-5da82981e4a6>
- Arealdelen til kommuneplanen 2015-2026 for tidlegare Fjell kommune
- Områderegulering Rv.555 Sotrasambandet, parsell Kolltveit-Bergen grense, Nasjonal arealplan-ID 20130001 362RP, med vedlegg inkl. ROS-analyse.
- KommuneROS for Sund, Fjell og Øygarden, 2019.
- SWECO, 2018, ROS-analyse for Knarrvika i Fjell kommune